



## **Retningslinjer for bruken av heimeundervisning som individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring**

Møre og Romsdal fylkeskommune, kompetanse- og næringsavdelinga, august 2024.

---

**Hovudregelen er at vidaregåande opplæring skal skje på skolen, men unntaksvise kan enkeltelevar ha rett til å få opplæring i heimen/ alternativ organisering i ein avgrensa periode.**

### **Reglar som gjeld heimeundervisning:**

Retningslinjene er at heimeundervisning formelt er ei særskilt individuell tilrettelegging for enkeltelevar etter reglane i opplæringslova om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging, jf. kapittel 11. Heimeundervisning gjeld enkeltelevar, og årsaka ligg i eleven sine individuelle behov som er skissert i sakkunnig vurdering frå PPT og stadfesta i enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring etter §§ 11-6 og 11-7.

Når eleven har langvarig fråvær på grunn av sjukdom (fysisk eller psykisk), kan fylkeskommunen ha plikt til å gi opplæring ein annan stad enn på skolen, f.eks. heime hos eleven. Opplæringstilbodet skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Opplæringslova har ikkje eiga føresegn om opplæring i heimen ved sjukdom, men alternativ læringsarena kan vere viktig for å kunne fortsette opplæringa. Det er viktig at ein planlegg tilbakeføring til opplæring på skolen, slik at eleven kan bli inkludert i klassen, både sosialt og fagleg. Og at skolen har strategiar for at alle skal kunne delta aktivt i opplæringa på skolen.

Kva som blir sett på som langvarig sjukdom, må vurderast i kvart tilfelle. Moment i denne vurderinga er elevens tilstand og forventa fråvær. Det avgjerande er om elevens sjukdom fører til eit fråvær som gjer at eleven ikkje får oppfylt retten sin til opplæring eller får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Mykje av heimeundervisninga som gis er digital, men det er også eksempel der lærarar gir opplæring i heimen til eleven, eller på alternativ arena. I dei fleste høve vil vedtaket om heimeundervisning kun gjelde nokre få fag pga. eleven si helse.

### Dette må vere på plass:

- Skolen skal ha dialog med eleven og PPT så snart som råd etter at behovet er avdekkja. Det skal settast i gong tiltak og kartlegging fram mot tilvising til PPT. Same rutinar som gjeld individuelt tilrettelagt opplæring elles, om utprøving og kartlegging, og pedagogisk rapport til PPT.
- Dokumentasjon på langvarig sjukdom: Dokumentasjon frå helsevesen som seier noko om kva som gjer at eleven ikkje kan delta i opplæring på skolen. (Ikke nødvendigvis diagnose). Kva er utfordringane eleven har som gjer at det kan vere nødvendig med heimeundervisning, og kor lenge det er sannsynleg at det vil vere behov for heimeundervisning/ undervisning anna stad enn skole.
- Sakkunnig vurdering frå PPT som seier noko om behovet for den individuelt tilrettelagte opplæringa og heimeundervisning. T.d. kan det vere ein kombinasjon av

heimeundervisning og undervisning på skolen. Kva gjer at eleven ikkje kan delta i opplæring på skolen? Kva er utfordringa? Plan om tilbakeføring til ordinær skole.

- Enkeltvedtak om rett til individuelt tilrettelagt opplæring som gjeld for perioden eleven skal ha heimeundervisning.
- Individuell opplæringsplan for perioden eleven har individuelt tilrettelagt opplæring. Plan for overgang til ordinær skole.

Omfanget av opplæringa i heimen må avgjerast etter ei konkret vurdering. Kor mange timar undervisning som skal gis vil avhenge av kor mykje opplæring den sjuke eleven er i stand til å ta imot og delta i.

Sjølv om opplæringa i ein periode skjer som heimeundervisning er det same prinsipp som gjeld for opplæringa som elles. Både lov, forskrift og skolereglement gjeld. Eleven skal delta i den planlagde opplæringa i tråd med enkeltvedtak og IOP, ta imot rettleiing frå lærar, og bidra til at lærar har eit vurderingsgrunnlag, slik at eleven si kompetanse kan vurderast.

### Klagerett

Eleven har rett til å klage på enkeltvedtaket om rett til/ ikkje rett til individuelt tilrettelagt opplæring. Derunder også rett til å klage på vedtak om heimeundervisning. Korleis ein skal gå fram for å klage, står i vedtaket til eleven. Det står også at kompetanse- og næringsavdelinga vil enten gjere om vedtaket eller sende klag vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjersle.